



Arkivnr: 2019/1396-4

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Refinansiering av obligasjonslån 450 mill. kr

Samandrag

Eit obligasjonslån på 450 mill. kr har forfall 11.06.2019. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit nytt lån med fast rente i 5 år.

Vedtak

Til refinansiering av eit obligasjonslån vert det teke opp nytt lån på 450 mill. kr med fast rente i 5 år.

Ingrid Holm Svendsen
Kst. fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand
Kst. fylkesdirektør øk.- og org.

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 23.05.2019

Eit obligasjonslån på 450 mill. kr har forfall 11.06.2019. Dette lånet har hatt flytande rente (3 mnd. NIBOR + eit fast påslag).

Pr. dags dato har fylkeskommunen fast rente på 52,1 % av låneporteføljen. I løpet av sommaren vil fastrenteandelen gå ned til om lag 46,5 %, då to av låna vil kome under 1-årsgrensa for attverande bindingstid.

For å halde på ein fastrenteandel på om lag 50 %, passar det å refinansiere med eit fastrentelån denne gongen.

Dessutan har rentekurven flata ut den siste tida. Skilnaden mellom fast og flytande rente er blitt mindre. Bergen Capital Management gjev slike overslag på fast rente:

3 år: 2,05 %
5 år: 2,15 %

Til samanlikning vil ein for eit 5-års obligasjonslån med flytande rente måtte betale om lag 3 mnd. NIBOR + 0,35 %, dvs. ca. 1,8 %. Dersom Norges Bank set opp styringsrenta, vil ein lett kome over 2 % rente på eit slikt lån innan utgangen av året.

Fylkesrådmannen vil denne gongen gå inn for å binde renta i 5 år.

Planen er at Bergen Capital Management gjennomfører anbudsrunde den 4. juni, og tilbydaren med det lågaste rentetilbudet vil då bli valt.